



Ragnhild Tufta
Flaktveitvegen 452
5134 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2290 - 23/18076

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
11.08.2023

Framleis manglar ved søknaden - gbnr 110/75 Nedre Raknes

Tiltak: Oppføring av tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 110/75
Tiltakshavar: Ragnhild Tufta

Kommunen syner til søknad motteke 12.07.2023, etterfylgjande førespurnad om komplettering av søknad i brev datert 04.08.2023 og tilleggsinformasjon motteke 09.08.2023.

Motteken situasjonsplan syner at tiltaket er plassert 3 meter frå nabogrensa.

Søknaden har framleis manglar og vert ikkje handsama før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

- Skriftleg naboerklæring som syner at tiltaket er godkjent plassert nærare nabogrensa enn 4 meter, jf. plan- og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokstav a.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ragnhild Tufta

Flaktveitvegen 452

5134

FLAKTVEIT